



## Detaljregulering for Svædet og Kyrkjefluda med deponi

PlanID	Vedtaksnr	Vedtaksdato	Vedteken av:
1516 20210006	KST PS åå/xx	dd.mm.åååå	Ulstein kommunestyre

### Plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet datert 09.02.2024.

### § 1. FØREMÅLET MED PLANEN

---

Føremålet med planen er å leggje til rette for utbetring av farleia ved utdjuping av grunnar slik at fartøy oppnår betre framkome og kan segle med tilfredsstillande sikkerheit.

Området vert regulert til:

§ 12-5. Nr. 6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

6200 Farlei

6800 Kombinert formål i sjø og vassdrag – Farlei/Utdjuping

6900 Angitt formål i sjø og vassdrag – Farlei/Deponi

§§ 12-6, 12-7 og 11-8 Omsynssoner

H720 Bandlagt område etter naturvernlova

### § 2. FELLES FØRESEGNER FOR HEILE PLANOMRÅDET

---

#### 2.1. Automatisk freda kulturminne

Dersom det under arbeid vert funne skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, skal arbeidet straks stansast og meldast til Møre og Romsdal fylkeskommune (jf. Lov om kulturminne § 8).

#### 2.2. Bygge- og anleggsperioden

2.2.1 Planlegging og gjennomføring av anleggsarbeidet skal vera i samsvar med Miljødirektoratets veileder for håndtering av sediment – revidert 25. mai 2018

(M-350) og retningslinjer for sjødeponi. Arbeidet skal ikkje føre til vesentlege ulemper for naturmiljø, fiskeri- og friluftssinteresser.

2.2.2 Anleggsperioden vert endeleg bestemt i forbindelse med mudre- og dumpesøknaden jf. § 5.2.

2.2.3 For anleggsperioden gjeld Miljøverndepartementets retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) og retningslinjer for behandling av luftkvalitet T-1520.

---

### § 3. FØRESEGNER TIL AREALFORMÅL

---

#### 3.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (§ 12-5 nr. 6)

##### Felles føresegner for farlei, kombinert formål og angitt formål (felt o\_FA, o\_VK, o\_VAA)

Etablering av navigasjonsinstallasjonar og vedlikehald av desse er tillate.

##### Farlei (felt o\_FA)

Offentleg farlei som skal vere allment tilgjengeleg, og kan også bli bruka til fiske og friluftsliv.

##### Kombinert formål i sjø og vassdrag – utdjuving (felt o\_VK)

Felta o\_VK er offentlig farlei der det er tillate å ta ut massar på sjøbotn for utdjuving. Arbeid skal bli utført på ein slik måte at det blir teke ut minst mogleg massar under kote -11,3 (LAT), som er det prosjekterte djupnenivået.

##### Kombinert formål i sjø og vassdrag – fylling i sjø/deponi (felt o\_VAA2)

Felt o\_VAA er offentlig farlei der det er tillate å deponere overskotsmassar frå tiltak for utdjuving av farlei ved Kyrkjefluda, Svædet og Skinnabrokleia på sjøbotn.

---

### § 4. FØRESEGNER TIL OMSYNSSONER (§§ 12-6, 12-7 OG 11-8)

---

#### 4.1. Båndlagte områder (§ 11-8 d) (sone H720)

Båndlagt område etter naturvernlova: Flø dyrelivsfredningsområde (VV00001391).

Utdjuving og deponi treng ikkje dispensasjon frå verneforskrift etter NML § 48.

---

### § 5. REKKEFØLGJEKRAV (§ 12-7 NR. 10)

---

#### 5.1. Før rammeløyve

Saman med søknad om løyve etter plan- og bygningslova, skal det leggjast fram tiltaksplan for anleggsfasen. Planen skal sei noko om nødvendige tiltak som skal setjast i verk for å avgrense vesentlege ulemper for naturmiljø og friluftsliv, eventuelle midlertidige installasjonar og eventuelle sikringstiltak i forhold til skipstrafikk og anna ferdsel på sjøoverflata ved gjennomføring av tiltaket. Planen skal også greie ut om beredskap ved uventa hendingar under anleggsarbeidet.

#### 5.2. Før løyve til å setje i gang

Før det vert gjeve løyve til utdjuving og deponering av massar etter plan- og bygningslova, skal det leggjast fram løyve etter forureiningslova og hamne- og farvasslova.

Ulstein, den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Ordfører